

---

Vår referanse 2020/54656-2  
Dato 04.06.2020

---

HAMMAR-KAMERATANE AS  
HELLA 60  
5936 MANGER

Dispensasjon frå byggegrense – Fv. 525 - terrasse - gnr 460 bnr 2 - Alver  
kommune

Vi viser til søknad motteke 28.05.2020..

#### Vedtak

Med heimel i veglova, gir vi dispensasjon frå byggegrensa mot fv. 525 for å oppføre terrasse på  
gnr. 460 bnr. 2 i Alver kommune.

Veg / stad: fv. 525 S1 D1, m 9227 / Solendvegen

#### Vilkår for dispensasjonen

1. Tiltaket skal være i tråd med situasjonsplan, datert 28.05.2020.
2. Avstanden frå terrasse til senterlina på fv. 525 skal vere minst 18 meter.
3. Dersom tiltaket vil føre til endringar i samband med tilkomsttilhøva for eigedomen, må det framleis vere opparbeidd tilstrekkeleg areal til å kunne sne på eigedomen for å unngå rygging ut på offentleg veg. Siktkrav til eigedomens avkøyrse må følgjast.
4. Terrasse må ikkje brukast til andre formål enn det dispensasjonen gjeld.
5. Grenseverdiane for støy og luftkvalitet i rundskriv [T-1442](#) og [T-1520](#) frå Klima- og miljøverndepartementet må tilfredsstillast.
6. Det kan ikkje krevjast erstatning for skadar og ulemper som følgje av at terrasse ligg nær fv. 525.
7. Arbeidet må være starta opp innan tre - 3 - år frå dispensasjonen er gitt, viss ikkje fell dispensasjonen bort.
8. Dette vedtaket føreset at tiltaket vert gitt godkjenning og byggeløyve frå kommunen.

**Bakgrunn for vedtaket**

Det er ikkje sett byggegrense i kommuneplan eller reguleringsplan og veglova gjeld i dette høvet, byggegrense er sett til 50 meter. Byggegrensene skal ta vare på trafikktryggleik, vedlikehald og drift av vegnettet, arealbehov ved ei eventuell utviding av vegen, og miljøet på eigedomane langs vegen. Ein dispensasjon med byggegrense min. 18 meter vil ikkje gå ut over omsynet til dette.

**Retten til å klage**

Vedlagt skjema [Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak](#). Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart mottatt. Klageinstansen er den fylkeskommunale klagenemnda. Send klagen til Vestland fylkeskommune [post@vlfk.no](mailto:post@vlfk.no), eller Vestland fylkeskommune, postboks 7900, 5020 Bergen.

Med helsing

Hege Løvteit  
Leiar

Eva Sundal  
overingeniør

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*

Vedlegg:  
Situasjonsplan datert 28.05.2020  
Skjema: klage over forvaltningsvedtak  
Veglova § 29 og 30

Kopi til:

ALVER  
KOMMUNE